

Presstekst

Atheno kan vera til hjelp for lokalt næringsliv.

Arbeidslivet i heile Sunnhordlandsregionen har utfordrande dagar. Næringssselskapet Atheno ynskjer no å utvida rådgjeving til bedrifter som opplever store endringar i arbeidskvardagen.

Berre i løpet av få dagar har det kome tydeleg fram kor sårbare enkelte bedrifter er når det no er sett i gong ein omfattande nasjonal dugnad for å nedkjempe koronaviruset.

- Me har allereie vorte kontakta av fleire fortvilte næringsdrivande. Dei opplever kanselleringar av kontraktar som vil kunna gi dramatiske fall i forventa inntekt, i tillegg til at dei må vurdere permittering av tilsette, seier dagleg leiar i Atheno, Astrid Kjellevold.

No tek næringssselskapet grep for å tilby hjelp.

- Me har ingen kvikkfiks på den enkelte bedrift sine utfordringar, men me har rigga eit fagteam som vil rådgje i forhold til den kompetansen og det store nettverket me har. Me ynskjer å hjelpe, men det er klart at me må vera ærleg på at det bilete me ser i dag er utfordrande.

Kjellevold seier dei vil strekke seg langt for å hjelpe.

- Atheno arbeidar tett med medlemsbedrifter og inkubatorbedrifter, og me ynskjer også å hjelpe andre så langt det let seg gjere. Ho har og eit håp om at regjeringa raskt kjem opp med tiltak som vil vera effektive – og det inn mot både små og store bedrifter. Me oppmodar også alle til å ta i bruk dei digitale løysingane til NAV.no og ulike bransjeorganisasjonar. Dette er enkelt og effektivt i fyrste runde.

Atheno held ope på Vabakkjen som vanleg førebels, men dei følgjer regjeringa/FHI sine råd knytt til møteverksemd og større samlingar av folk.

- Me vil avgrense møteaktiviteten så mykje som mogleg. Men me er sjølvstøtt tilgjengelege både på telefon, e-post og videokonferanse.

Ynskjer du meir info, ta gjerne kontakt med Atheno: www.atheno.no